



ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 7

SEPTEMBER 1980

30. årgang

Til Vesle-gut



*Til deg du vesle guten min
så ljøs i hår og sinn
med opne auge, munn så fin
eg denne tråden spinn.*

*Med fire knappe år du dreg
kvar dag til leiken din,
mens mor di vaktar kvart eit steg,
så redd for sonen sin.*

*Og enno nokre år ho kan
ha ans for kor du fer.
Men seinare det går'kje an
å ansa kvar det ber.*

*Då ser ho inga anna råd,
det veit eg visst ho vil:
når du skal ut til dug og dåd
enn be deg Jesus til.*

*Vi bad at alt deg godt må gå
at lukka måtte gro.
Men større enn alt godt å nå
DET ER AT DU VERT GO'.*

*Gud signa kvart eit steg du tar,
kvart trinn på livets veg.
Gløym aldri du ho mor — han far
og det dei lærte deg.*

K. R.

„Foreldre og barn“

Teksten i Mk. 10, 3-16 handler om familien — mor, far og barn. Heimen er en av Guds skaperordninger. Det er Gud som har skapt oss mann og kvinne og laget det slik at vi skulle få hug til hverandre. Når det er slik, skjønner vi også at Gud vil vi skal ta ansvar for barnas fostring og oppvekst. Dette ansvar går lenger enn til å gi barna klær, mat og en god start i livet. Ansvaret omfatter også det å gi barna en målsetting helt frem til Guds rike. Det er nettopp dette Jesus taler om i teksten vår, når han sier at vi ikke må hindre barna i å komme til ham. Å hindre barna er vel i vårt samfunn idag ofte dette ikke å lære dem. Mange foreldre lærer ikke barna sine å be, tar dem aldri med til Guds hus. Hvordan skal så disse barn i det heletatt kunne kjenne Jesus? En skolelekse i faget religion, er iallefall lite egnet i denne sammenheng.

Barnets verdi for Jesus er vel

verdt å legge merke til. De er mye mere verd enn voksne, sier han. «Den som ikke tar imot Guds rike som et lite barn, skal ingenlunde komme inn i det. Men den som gjør seg selv liten som dette barnet, han er den største i himmelens rike. Den som tar imot et slikt barn for mitt navn skyld, han tar imot meg! Men den som forfører en av disse små som tror på meg, for han var det bedre at det var hengt en kvernsten om halsen på ham, og han var senket i havets dyp.» Ser du slik på ditt barn? Om du det gjør, så må du også ta åndelig ansvar for ditt barns fostring. Ditt barn kan bli en Guds tjener. Det kan også bli et rovdyr i manneham, en sviker, en ulykke for heim og fedreland. Nu er naturligvis heimen bare en av de flere faktorer som fostrer barnet og vi må dessverre se at også den kristne heim noengang får sorg av sine barn. Så får iallefall mor og far ordne seg slik at de ikke hindret barnet sitt fra å kjenne Jesus. Han ber oss stelle godt med barna. Små barn tar farve av det miljø de går i. Det vil fylles av de ord det hører, både av bønner og bannen. Dette gir ansvar å vite. Vi kan fylle våre barn med Jesu Kristi Ånd og sinnelag. Vi kan også fylle dem med forakt, tvil, motvilje og forfølgelse av Livets Herre. Barnets tro er som det skjøre glass i de voksnes hender. For mor og far må barnets tro være dyrt som gull.



K. R.

SLEKTERS GANG

Døpte



- ORKLAND:
- 22.06. Øyvind Bergsrønning
06.07. Svein Olav Ustad Eggamo
20.07. Gudrun Ingeborg Lium
20.07. Morten Høvik
20.07. Frank Slettås
17.08. Tor Even Solligård
- ORKDAL:
- 20.04. Richard Myren
29.06. Øivind Tømmervik Romundset
13.07. Steinar Monsen
Jonny Dørdal
Christian Legrand
Elisabeth Rønningen
Arnhild Haugen
Gunnhild Karen Solem
Tone Blomli Johnsen
27.07. Frank Frengstad
Thor Martin Snildal
Mona Gjøsås
Ingvild Solem
Laila Sveli
Anette Myran
10.08. Trond Blomli
Jørn Tore Aas
Janne Therese Varmbo

- ORKANGER:
- 15.06. John Erlend Steinsmo
15.06. Ivar Sindre Vatengård
29.06. Ole Martin Gjønnes
29.06. Peter Andreas Breunig
29.06. Monica Prestmo
20.07. Eva Mari Karlsen
27.07. Rita Hansen

- GEITASTRAND:
- 27.07. Linda Ofstad
17.08. Mari Lorentsen

Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidskrifter, forretningstrykk m.m.
Telf. og post: 7330 Svorkmo.

Vigde



- ORKLAND:
- 28.07. Kjell Klengen og Lillian Gåsbakk
05.07. Jan Gimse Arfeldt og Elin Oline Garberg
19.07. Inge Årli og Hildegunn Kusæther
01.08. Nils Karl Kulbrandstad og Marie Tronvoll
16.08. Ola Husby og Sigrun Karen Hoseth
- ORKDAL:
- 28.06. Per Einar Monsen og Janne Kristin Engløkk
Leidulf Myren og Inger Solrun Gaustad
05.07. Arnold Ulkestad og Ruth Kristianne Ronglan
Øystein Antonsen og Berit Gjønnes
19.07. Bjørn Oddvar Slupphaug og Rigmor Borstad
Kjell Lomundal og Grete Hukkelås
Jan Inge Ljøkjel og Vigdis Rønning
26.07. Bjørn Sigmund Knudsen og Magnhild Nordbø (vigd i Rennebu k.)
01.08. Odd Arild Sande og Eva Kristin Øye (vigd sorenskr. ktr. i Orkdal)
02.08. Arve Melstad og Edith Snildal
09.08. Tom Isaksen og Aud Gaustad
- ORKANGER:
- 12.07. Bjørn Olav Stenvik og Kari Jorun Solum
19.07. Arnt Ottar Garberg og Klara Lo (viet i Meldal)
26.07. Morten Fornes og Marthe Lovise Breunig
02.08. Svein Olav Vikan og Tove Slettvold
02.08. Stein Gjersvoll og Marit Opøyen

Døde



- ORKLAND:
- 21.06. John Berge f. 1890
06.07. Karen Ingeborg Bakke f. 1901
28.07. Anna Rebekka Monset f. 1895
28.07. Marie Bye f. 1895
- ORKDAL:
- 19.06. Emma Østhus f. 1903
02.07. Ole S. Skarholt f. 1901
05.07. Lina Svorkdal f. 1890
10.07. Jens Kvernød f. 1906
09.07. Olav Grønset f. 1907
22.07. Harald Sivertsen f. 1925
23.07. Einar Arne Gisvold f. 1903
25.07. Tora Kornelie Østhus f. 1907
27.07. Tom Erik Rønning f. 1980
Bjørn Eva Rønning f. 1980
05.08. Ingeborg Bonvik f. 1902
10.08. Dagfinn Kvarme f. 1909
14.08. Amanda Berntine Solhuslökk f. 1902
Johan Vårum f. 1902
- ORKANGER:
- 17.06. Odd Sæther f. 1919
29.06. Amalie Haugsand f. 1909
13.07. Arvid Evjen f. 1912
27.07. Iver Olsen Gjønnes f. 1891
15.07. Andreas Evjen f. 1922
05.08. Arn Mo f. 1924
07.08. Rasmus Kvernmo f. 1906
18.08. Hanna Marie Skar f. 1899
18.08. Ingeborg Jonetta Sivertsen f. 1883

- GEITASTRAND:
- 13.07. Olaug Slettvold f. 1911
19.07. Hanna Volden f. 1905
07.08. Rasmus Kvernmo f. 1906

HELGA VAKT

6. - 7. sept.: Sletthjell
13. - 14. sept.: Aasen
20. - 21. sept. Rogstad
27. - 28. sept.: Sletthjell
4. - 5. okt.: Aasen

MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld
7330 Svorkmo

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:
Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkjel
Agnes Singstad
Redaktør:
Kaare Rogstad

Kasserar:
Einar Garberg, 7320 Fannrem.
Postgironummer 3 26 87 29.

Takk for gaver og kontingent.
Ekspedisjon:
Sigmund Gjelsvik, 7300 Orkanger.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo
7330 Svorkmo.

Smått om mangt

Peder Berge

I Anders P. Kvåles artikkel om «To kyrkjebyggjarar i grenda vår» i juninumret er det blitt eitpar feil i personalopplysningane om Peder Berge. For heilskaps skyld tar vi oppatt eit avsnitt:

Peder Berge vart kand teol. i 1914 med Laud. Same år vart han vikar for res. kap. i Orkdal. Sokneprest i Ørsta 1915, i Volda 1919, i Meldal 1930, i Voss 1939 og i Nedre Eiker 1941. Han var prost i Søre Sunnmøre 1926 - 30 og i Orkdal 1935 - 39.

Norsk Luthersk Misjonssamband

har over 400 misjonærer i utearbeid og ca. 200 som forkynner i heimearbeidet. Misjonærer og forkynnarar utdannes ved Fjellhaug skolar i Oslo. 1980 er eit «BYGGEGAR» for Fjellhaug. De gamle bygningane er sprengt og eit nybygg skal reisast. I tida 30 august til 21. september vil det verta ein inn-samlingsaksjon landet over for dette nybygget. Gåver kan gjes over postgiro 2 00 0073 eller postadresse: Fjellhaug bygger, Sinsenvegen 15, Oslo 5.

Søvasslia Ungdomssenter

vart innvigd søndag 3.8. Det var eit stort og rommeleg bygg gjestene vart vist inn i. Matsal og kjøkken + overnattingsrom i 1ste høgda, — ein stor møtesal og ein mindre i 2dre høgda. Vigslingsdagen vart roma mest for små. Det var da også mellom 3 og 4 hundre gjester der på ettermiddagsmøtet. Kl. 13 var det middag for innbudte gjestar. Der var det ei orientering ved Arne Høvik og seinare diverse helsingstalar frå ordførarane i Orkdal og v.o. i Hemne, frå skolesjefen i Orkdal, kretsstyreformennene i sambandet Møre og Trøndelag. Spr. i Orkdal helste frå dei fire kyrkjelydane i prestegjeldet og overrakte 2 palmer som gæve frå dei 4 sokneråda. Mange privatpersonar kom også med helsingar.

På ettermiddagsmøtet kl. 16 var det fri adgang. Det var misjonssekretær Arnold Ljøkjel som heldt vigslings-talen og også her var det fleire som kom med gratulasjonar og helsingar. Svorkmo musikklag og Orkland mannskor underheldt. Det vart tatt opp vigslingsoffer og det var stort — 12.600 kr. Eit humoristisk innslag må nemnast. I ei inspirerende tale tilslutt

Når dette leses

er både skoleundervisninga og konfirmantleksa i full sving. I Orkdal er vi i den lukkelege situasjon at skoleverket vårt er fullt utbygd. Romslege og moderne skolebygg gjev trivsel og hugnad for alle bygdas barn.

Lærarfolk med ansvar og iver tar hand om borna våre og freistar å få dei så flinke og fagre i framferd som evner og anlegg gjev høve til. Og likevel har vel dei fleste foreldre ei kjensle av at dei kan ikkje overlata alt til skolen. Også foreldra vil sjå til med framferd og sjå til at borna og ungdomane nyttar sine ressurser rett og arbeidar målmedvete. Slik og med konfirmantlesnaden. Det er slutt på den tid da konfirmanttimane berre var å kunna derifrå og dit. Vi vil freista å føra ungdomane inn i kyrkjesamfunnet sitt liv. Også til dette trengs foreldra si hjelp. Utan mors og fars føredøme er det vanskeleg å få dei unge med. Både når det gjeld skole og konfirmantlesnad så gjeld likevel eit anna ord med prioritet. Det er Jesu ord:

UTAN MEG KAN DE
INGENTING GJERA»

Eit ord å leggja på minnet både for elevar, foreldre, lærarfolk og prest. «I Jesu navn skal all vår gjerning skje». (L.R. nr. 1)

K. R.

konkluderte husmor Marie Gangås med at middagsgjestene no var utpeika til å servera kaffen for ettermiddagsgjestene. Det vakte jubel.

Familiehelg på Stølen i Oppdal

kan det vera noko for deg og dine tru? Det vert ei slik familiehelg 24. - 26. oktober. Ein samles om Guds ord og bøn. Det vert turar — hygge — felleskap og leik for alle aldrar. Barneleidarar vil avlaste mor og far. Prisane er familievenlege: 140 kr. for vaksne, 85 kr. (13 - 18) — 65 kr. (8 - 12) — 30 kr. (for mindre barn). Tormod Bakken er leidar denne helga. Påmelding over tif. 075 22 131 Trøndelag Indremisjon.

Trelast og bygnings-
artikler på lager.
Gunstige priser

Orkdal
Sag & Høvleri
Tlf. 82265

Joh. Gjønnes

Mek. Verksted - Jernindustri A/S

Produksjon av maskiner
og redskap for
landbruket.

Orkanger Gartneri

Orkedalsvegen 10

Inneh. Oddny Blomli
Tlf. 80 348

Alle sorter blomster til alle slag
anledninger. Kistepynt utføres.

Hjørdis Forfang

sluttar som husstellærer på Torshus 1ste september i å. Da er det 34 år sidan ho tok til med sin første arbeidsdag på Torshus. Sidan vart dei mange. I heile denne tida sto ho ilag med mannen sin — styraren Dagfinn Forfang og skapte heim og triveleg skole for alle dei elevane som år om anna fann vegen til høgskolen. Hjørdis Forfang har vore av «den gamle skole» — på det viset at arbeidet var det daglege liv. Det vart aldri tale om 8 timars dag. Kjærleiken dreiv verket, og verket (arbeidet) ga kjærleik. Det er slik det må vera. Elevar frå alle årskull vil nok ikkje berre hugse all den gode maten dei fekk — kanskje meire enda vil dei hugsa alle gongene dei trong snakke men einkvan som hadde tid til å lyde — og så fann dei Hjørdis.

Ein skole for Ungdom frå alle landets — ja verdens kantar — vil i ein landsens kyrkjelyd på eit vis verta eit framandelement. Det kan ikkje godt verta annleis avdi ungdom i ein stutt skolevinter ikkje vil rekke å assosiere seg med den kyrkjelyd dei oppheld seg i. Likevel har Torshus i alle år freista å halda kontakt med Orkdal kyrkjelyd. Skolekoret har stått til disposisjon for å synga i kyrkja og fleire av elevane fann vegen dit. Prestane vart både titt og ofte nytta til ymse oppdrag på skolen og kyrkja og folkehøgskolen var alltid gode vener. Ilag med ektefellen Dagfinn har Hjørdis mykje av æra for dette gode tilhøvet. Hjørdis og Dagfinn har alltid vore kyrkja sine vener og no nyttar vi høvet til å takka dei begge to. Takk til Hjørdis for dei 34 åra og lukke til med mange gode pensjonistår.

K. R.

OPPFOTOGRAFERING AV GAMLE BILDER

Gjør familieveggen komplett.
Vi hjelper Dem med dette.

Fotograf Kvarsnes

Plater og musikk-kassetter
stort utvalg i gitarer.

Tlf. 80 356 Orkanger

Gåver til bladet

7300 Orkanger:

M. og N. Eide 25.

7320 Fannrem:

Sigurd Ødyn 30. Olav Wormdal 50. R. og P. Eklid 30.

7330 Svorkmo:

L. og A. Rye 20. Bjarne Wahl 30.

Utenbygds:

Sivert og Ella Kvernmo, Hovin, 50. Berit Leirvik, Jakobsli, 25. Ragnhild Blåsmo, Trondheim, 25.

Gaver i alt i juni kr. 285,—.

Hjertelig takk.

Per Solem

Den 20. august slutta Per Solem i kateketstillinga i Orkdal prestegjeld. Han tok til som kateket 1ste august i 1978 og har altså arbeid hos oss i i vel 2 år. (Der før var han menighetssekretær i 1½ år også.) Vi er takksame mot Per Solem for at han tok desse to åra hos oss. Han gjorde det av heilt ideelle grunnar for å hjelpe kyrkjelyden i ei oppstartingsfase og i ein situasjon da ingen søkte kateketstillinga. Den var nyoppretta da Solem tok til i arbeidet. Arbeidsområdet var nok fastsett i innstruks, men var ikkje utprøvd i praksis.

Per Solem gjekk til arbeidet med entusiasme og iver. På desse to åra har han klart å strukturera stillinga og greidd å leggja opp eit arbeidsprogram som avkrev respekt. Mange ting har han fått satt i sving i kyrkjelydane både i barne- og ungdoms-sektoren og også i eldresarbeidet. Det skal ikkje bli vanskeleg for ein ny kateket å gå inn i dei oppgåver som Solem slik har gått opp mønstret for.

Om Solem no offisielt sluttar som prestegjeldets kateket, vil han nok verta å sjå i mange samanhengar. Både i speidararbeid og ungdomsarbeid vil han halda fram å vera ein «primus motor» — og no på frivilljug basis. Vi takkar Solem for hans sjølopp-offrande arbeid og hans kjærleik til kyrkjelydane og ynskjer han alt godt i skolearbeidet ved Evjen skole.

K. R.

Kyrkjebønord gav utløyning

Han som låg i senga var gamal og hadde vore blind i mange år. Han som kom på vitjing bar fram mange gode lovnadsord som Gud har gjeve til dei som tek mot hans ord. Vitjinga blei avslutta med ein bønestund, då kom så sterk ei minning om at ord frå kyrkjebøna skulle berast fram.

«Sjå i nåde til meg arme syndige menneske som har såra deg med tanker, ord og gjerningar, og kjenner den vonde hug i hjarte mitt. For Jesu Kristi skuld ha langmod med meg og forlat meg alle mine synder. Og gjev meg og ottast og elske deg åleine. Herre miskunn deg over meg.»

Ved neste vitjing, fortalde den blinde. Du kan tru det var godt for meg å få høyre det du minna om frå kyrkjebøna sist du var her. For med dette, fekk eg ord som skildra min tilstand, og så fekk eg bere det fram i bøn til Gud. Orda som han for lenge sia hadde lært kom nå til han med utløyning.

Ludv. B. Aasen

Kjolen
finner De hos

Dagny Korsli A.s

BARDSHAUG

Tlf. 80 395

SØNDAGSARBEID

Sabbaten ble til for menneskenes skyld. Mark. 2, 27.



Søndag skal være hviledag. Det har Gud selv sagt oss. Bedrøvelig er det å legge merke til hvordan mange i våre dager bryter dette Guds bud. Det synes ikke lenger å være noe arbeid som ikke blir utført på helligdagen. «Søndagen er for mange som et pultekammer. Da gjør man alt det man ellers ikke har tid til.»

Det må den annen side ikke glemmes at der fins et hellig søndagsarbeid.

Hellig søndagsarbeid er det bl.a. å gå i besøk til dem som ligger lenket til sykesengen. Mange troende mennesker bruker en del av søndagen til dette.

Vær ikke redd for å gjøre noe godt på helligdagen!

Jørgen Grave

7. Per Asphjell fortel frå krigstida

DAGANE GÅR.

Fengslet i Neumünster var ei stor murbygning med metertjukke vegger. Det var fleire fløyer og fleire høgder. Gangen eller korridoren i kvar fløy gjekk heilt til topps. Så var det gangvegar langs kvar sellerekke høg for høg oppover. Dei hadde gelender og nettingstengsel. Det var truleg millom eitt og to tusen fangar der i krigstida. Sellene var tenkt til ein mann, for i kvar selle var det ein fast brisk som var hengsla til veggen. Brisken vart om dagen svinga opp langs veggen og læst med eit hengelås. No var det innsett ei seng til, ei jarnseng i to høgder. Det var såleis vanleg med tri mann på kvar selle. Selledøra var diger og solid. I mannshøg var det eit kikkhol som kunne åpnas utanfrå, og litt lenger nede var det ei matluke. Ein kjende seg bra innstengt, når denne døra small att, og nøkkelen vart vridd om.

I kråa på ei sida av døra var det ein radiator som vermdé bra såfremt det vart fyr. På andre sida var det ein såkalla «Leibstuhl», ein rund sinkstamp med lokk. Noko til liks med det ein idag kallar tørklosett. Men leibstuhlen var slett ikkje luktefri, så han kunne ofte vera til ulempe, sjølv om han var aldri så nødvendig. På veggen midt i mot døra var det eit stort vindu med solid jarngitter framom. Under vinduet stod det eit bord, og så var det ein krakk til manns. Det var

og eitt vaskefat og i vassmuggee. Skaffety var ei skei og ei blikkskål til kvar. I denne skåla fekk me både supe og annan drikk. Golvet i sella såg ut som svartpolert asfalt. Det måtte me bone no og da med voks og kost som me fekk utlevert. Det var fangane som hadde ansvaret for reinhaldet.

Mange av fangane hadde arbeid utanom fengslet på jarnbanen og liknande plassar. Andre hadde arbeid på sella. Det var puslearbeid som nettbinding, poseklistring og liknande. Eg kom i eit lag som arbeidde på ein verkstad i ei bu innafor murane.

I enden av fengselsfløya var korridoren utvida, så det vart ei romsleg golvflate. Her var apellplassen. Kvar morgon vart me stillt opp på rekke her. Namn var ropa opp etter lister, og alle vart opptalt og avkryssa, før vaktene tok med kvar sitt lag til arbeidsplassen.

Fengselsvaktene var mest eldre menn som var for gamle til krigsteneste. Mange av dei hadde vore med i krigen 1914 - 18. Dei fleste var nokre humørlause kallar.

Ein av dei ropa alltid As-fjell, når han kom til namnet mitt. Ein dag våga eg meg til å rette han: «Eg heiter Asp-hjell» sa eg. Han gløtta fort opp på meg, så såg han grundig i papiret ei stund og sa avgjort: «As-fjell heisst er», (Asfjell heiter han). Det hadde ikkje eg noko med. Det avgjorde han.

På eit vis hadde han rett. På tysk er ph—f, så eg skjøna da vel kvifor han kalla meg Asfjell. Denne hendinga er eit typisk døme på tysk arroganse.

Arbeidsplassen var i andre høgda på ei trebygning som låg i gården til fengslet. Me vart ført over tunet og opp ei smal tropp. Døra vart læst, og me var innstengt der. Det var jarngitter for glasa, og me hadde ikkje vakter. Berre no og då såg dei innom. Arbeidet vårt var å lage dei kalla Floss-säcke til marinen. Frå ein annan verkstad kom lange, sylindrerforma poser av seglduk. Desse skulle me fylle med knust kork. Dei måtte hardpakkas, så dei vart som stokkar. Dei kunne vera 2-3 m. lange og 30-40 cm i tvermål. På ein annan plass vart dei sett saman til firkanta redningsflåter til bruk ombord i båtar. Det var om å gjera at me stappa dei skikkeleg. Det var eit svinarbeid. Korke fekk me i plater. Desse platene vart banka sund med hamar, til massen var på storleik med sukkerbitar. Ein kan tenkje seg korleis arbeidstilhøva vart i eit innstengt rom, der ti-tolv mann dreiv og laga korkstøv det beste dei vann.

Sidan me var lite uroa av vakter, vart det, trass lorten og støvet, eit fritt og åpe samkvem millom oss der oppe på loftet. Me måtte sjølvsagt arbeida, for me hadde «Pensum», eller skagplag, som me seier. Me hadde å laga eit visst antall pr. mann og veke.

Det var eit triveleg arbeidslag, og me fekk overlag godt høve til å gjera oss kjent med einannan. Det var fleire nordmenn på laget, og ein god del danskar. *Framhald*

Det Norske kyrkerådet i arbeid



Frå venstre bordende og rundt til høgre:

Arne Fylling (Sør-Hologaland), Torleiv Austad (Institusjonane), Evald Larsen (Nord-Hålogaland), Finn Olav Myhre (Borg), Gunhild Hagesæther (Oslo), Alfred Egenberg (Stavanger), Inge Eiksund (Bjergvin), Ludvig Johan Bakkevig — formann (organisasjonane) Johannes Ulltveit-Moe (Kyrkerådets direktør), Dina Bentzen (Kyrkerådets sekretær), Thor With (bispekollegiet), Gunnar Holtskog (Agder), Kaare Rogstad (Nidaros) og Terese Kringlebotten (Tunsberg).

KIRKERÅDETS OPPGAVER

Etter Lov om Den norske kirkes ordning består Kirkerådets oppgaver i:

- å samordne og lede bispedømmerrådernes felles virksomhet.
- å ha sin oppmerksomhet henvendt på saker av felles kirkelig karakter

å avgi uttalelser i saker der departementet ber om det.

Kirkerådets sekretariat ledes av en direktør, tilsatt av departementet. For tiden ni konsulenter i tjeneste på forskjellige arbeidsområder. Ni faste utvalg og en rekke komiteer til løsning av Kirkerådets oppgaver.

Smått om mangt

Orkdal sokn

Bibeltimer i Megarden bedehus 17.9. kl. 20. Prost Rogstad talar om Moses.

Bibeltimar i vinter

Prestane i Orkdal vil til vinteren halda Bibeltimer over nokre markante personlegdomar frå det gamle og det nye stesamente. Kalls.kap. Sletthjell vil ta for seg: Jesaias, Sakarias og Peter. Res. kap. Aasen vil halda timar over David, Hoseas og Paulus, og prost Rogstad over Moses, Johannes døypar og læresveinen og evangelisten Johannes.

Møtene vert i Orkland sokn 1ste onsdag i månaden, i Orkdal sokn 3de onsdag i månaden og i Orkanger, sjå lokalpressa.

Ferier som står att

Prost Rogstad har ferie i tida 2.9. - 15.9. (Den oppsette ferieplan i juni-numret let seg ikkje gjennomførast for proststen). Res.kap. Aasen har ferie 19.9. - 26.9.

Konfirmantjubilene

vert avvikla slik: Moe 14.9., Orkanger og Geitastrand 21.9. og Orkdal 5.10.

Speiderlederkurs

12. - 14. sept blir det grunnkurs for alle speiderledere på Megarden Bedehus.

Orkland menighet

Familiesamling

søndag 7. sept. kl. 16.00 på Svorkmo Misjonshus. Ingebrikt Davik fra barne-TV. Børse kirkes barnekor. Andakt ved Kristin Stormo. Utlodning.

Bibeltime

Onsdag 3. sept. kl. 20.00 starter vi opp med bibeltimane på Svorkmo Misjonshus. Temaet denne kvelden er innføring i den bibelske personlegdomen David. Innleder: Bertel Aasen.

Barneledersamling

Torsdag 4. sept. kl. 20.00. Alle barneledere, speiderledere og søndagsskolelærere samles til inspirasjonskveld. Kretssek. i Trøndelag søndagsskoleforbund innleder over temaet: Forkynning for barn. Enkel bevertning. Vi drøfter familiegudstenesta i oktober.

Røddemøte

Mandag 1. sept. kl. 20.00 hos Bernt Høston.

Mandag 29. sept. kl. 20.00 hos Ole Kr. Fagerli.

Konfirmanforeldresamling

Tirsdag 9. sept. kl. 20.00 på Svorkmo Misjonshus. Film. Orientering om konfirmantopplegget. Andakt og enkel bevertning.

Kirkekonsert med Ruth Reese

Vi minner igjen om kirkekonserten søndag 14. sept. kl. 20.00 i Moe kirke ved Ruth Reese og Orkdal Ungdomskor.

Misjonsmøte

Mandag 15. sept. kl. 20.00 møte hos Målfrid Kvikne.

Ten-kveld

Fredag 19. sept. kl. 19.30 starter vi opp med ten-kveldane våre på Misjonshuset. Alle slag aktivitetar. Spill, TV-spill, luftgeværskyting. Sang og andakt. Salg av pølsar, brus og kjeks.

Inge Eidhamar

kjem fredag 26. sept. med Borgund Barnekor og held konsert i Moe kyrkje.

Ettåringen

Rønnaug Ødegård er komme på plass. De vil bli kjent med henne i gudstenesta 7. sept. Da vert det og konfirmantpresentasjon.

BARNESIDEN

Syng for Herren sol og måne

Wenstrøm

Arr: K. Løken



Syng for Herren, sol og måne, alle stjerner han har tent. Syng for Herren, høye



himmel, som han over alt har spent.

Syng for Herren, hav som bruser, skodde, regn og vind og snø. Syng for Herren, trær og steiner, blomster, blad og minste frø.

3 Syng for Herren, fjell og vidder, ville foss og stille strand. Syng for Herren, alle fugler, alle dyr i skog og vann.

4 Syng for Herren, du Guds kirke. Sangen stiger lys og klar. Barn i hele verden priser Gud sin skaper og sin Far.

Frostenson/Smemo.

Han Gunnar

Har du vore skikkeleg arg og sint på venene dine nokon gong? Om du tenkjer vel etter — så hugser du nok nokon gong da du både skjente og sloss kanskje. Slik var det iallefall med meg da eg var gut. Det skulle så lite til i leiken før vi krancla og somme gonger vart kranclinga til slåsskamp. Verst var det på fotball-løkka. Der var det mest umogleg å einast om det var hjørnespark eller ikkje, — om ballen hadde vore borti ein forsvarsspelar eller hadde gått direkte ut. Jamvel om ballen hadde gått mellom steinane som markerte målet eller ikkje — kunne vi diskutera oss sinte. Ja, jentene — søstrene våre var ikkje det spor likare. Dei sloss vel ikkje med nevane, som vi gjorde, men eg trur mest dei hadde enda meire utspekulerte måtar å sára kvarandre på — enn oss gitar.

Ein ny gut kom flyttande med familien sin til grenda vår — ein vinter. Han heite Gunnar og var liten av vekst, men året eldre enn meg. Var han liten, så var han ein vaksen kar, skal eg segja deg. Han greidde sanneleg å forandre på heile guteflokken og jentene med. Korleis greidde han det, trur du? Ja, det er ikkje anna å svara enn at det fylgde slik fred med

han. Fyrst dette at du aldri såg han sint. Erta vi han, tok han det med logn og smilte berre. Hendte det at vi kalla han «tosk» eller nemnde han med andre stygge namn, stogga han i leiken, smilte til han som hadde sagt det vonde og sa langt: «Det går vel over att, eg trur ikkje du meiner det». Etter nokre veker ilag med han, hadde vi utan å tenkja over det — slutta å kalla han og kvarandre med utnamn. Det gjekk liksom ikkje an lenger. Såg han at to av oss andre sloss — gjekk han borttil og spurte oss kva vi var usamde om. «Dette må de da kunne snakke om - heller enn å «slåss» kunne han segja. Eingong hugser eg han sa åt meg:» Du må tenkja hardt innover no, — inni deg sjølv — så veit du at du ikkje har rett». Og sant var det, det var berre så vanskeleg å innrømme. Ofte kunne han segje til oss: «Tenk deg om — ja tenk andre vegen».

Etterkvart vart det slik at vi ikkje trivdes om han var borte frå leiken ein dag. Var han tilstades — var alle i godlaget og uvennskap hørde unntaket til. Hans vesen smitta over til oss andre.

Den vinteren eg gjekk for presten — tala kapellanen ein dag om det bibelordet som er overskrift over dette stykket. Han forklarte for oss at

Jesus sjølv var fredsfyrsten som skapte fred mellom Gud og menneskja og som også skapte fred menneskja imellom om dei ville lyda han. Eg skyna nok ikkje alt han sa, men da han nemnde det ordet som står i Romerbrevet (10, 15) «kor fagre deira føter er som forkynner fred — som bærer godt bodskap» — da såg eg brått Gunnar for meg, og tykte med eit at eg skyna alt. Slik var det — Gunnar bar med seg fred —. Han måtte sikkert vera mellom dei som skulle kallast Guds born. Da presten tala vidare om å snu det andre kinnnet til, så visste eg at det var nett det Gunnar alltid gjorde. Det passa også så inderleg godt på han — når presten nemnde ordet om å tilgje 7 gonger 70 gonger, og at ein skulle ta alt i beste mening. — Da eg gjekk heim frå presteleksa denne dagen — kom dette bibelordet fram att gong etter gong: «Sæle er dei fredkjære, dei skal kallast Guds born». Sæle er dei fredkjære - - - » Jau, det var ingen tvil — Gunnar laut nok vera av dei som skulle kallast Guds born. Dette må eg undersøka, tenkte eg. Da eg seinare ein kveld treffe Gunnar freista eg å spørja han, men det var ikkje så enkelt. Vi var no 15 - 16 år og det er verste alderen for å kunne utlevera seg: «Er du - - -, trur du - - hm, ber du - - - til Jesus Gunnar? Der hadde eg endeleg fått spurt. «Ja, det gjer vel du også det», svara han. Det vart innleinga til ein lang prat den kvelden. Eg hugsar så godt at Gunnar mellom anna sa: «Om ein ikkje ber kvar dag — så greier ein ikkje å vera slik snill og god som ein helst skulle vera.

Da, eg kom heimatt seinkvelds hugsar eg at eg hadde tatt den avgjerda at no ville eg også be kvar kveld og morgon.

Vi ynskjer vel alle å vera snille og gode. Vi ynskjer vel også å vera mellom dei som skapar fred. Dette kan berre Jesus hjelpa oss med. Og så har han altså denne fine lovnaden med — at den som er fredkjær — skal kallast Guds born og få evig sæle. Det betyr, veit du, at vi skal få vera med til Guds rike når vår veg her på jorda er ført til endes. Om du vil prøve å verta ein fredsbærer — ein fredkjær — så må du hugsas at vi ikkje greier det i eigen kraft og makt. — Vi må la Jesus hjelpa oss —. K. R.

VELKOMEN TIL KYRKJA

31.8. 14. s. e. pinse

— Orkdal k. kl. 11. Familiegudst. v. res. kap. Aasen. Konfirmantpresentasjon. Offer til ungdomsarbeidet.

— Orkanger k. kl. 11. Familiegudst. v. kalls.kap. Slettahjell. Konfirmantpresentasjon. Offer til ungdomsarb.

— Lisbetsæter kl. 11.15. Gudst. møte v. prost Rogstad.

7.9. 15. s. e. pinse

— Moe k. kl. 11. Familiegudst. ved res. kap. Aasen. Konfirmantpresentasjon. Offer til ungdomsarbeidet.

— Geitastrand k. kl. 11. Familiegudst. v. res. kap. Aasen. Konfirmantpresentasjon. Offer til ungdomsarbeidet. Buss frå Råbygda.

14.9. 16. s. e. pinse

— Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v. misjonssekr. Gabriel Eikli og spr. Ola Rise. Nattverd.

Offer til Fjellhaug skoler.

— Moe k. kl. 11. Høgmesse ved res. kap. Aasen. Konfirmantjubileum. Nattverd. Offer til menighetsarbeidet.

21.9. 17. s. e. pinse

— Orkanger k. kl. 11. Høgmesse ved kalls.kap. Slettahjell. Konfirmantjubileum. Nattverd. Offer til nytt menighetshus.

— Geitastrand k. kl. 11. Høgmesse ved prost Rogstad. Konfirmantjubileum. Nattverd. Offer til menighetsarbeidet.

28.9. 18. s. e. pinse

— Prostiets dag i Lensvik. Orkdalskyrkjelydane ynskjes velkomne dit til høgmesse kl. 11.

— Orkanger k. kl. 20. Kveldsmesse v. kalls.kap. Slettahjell.

5.10. 19. s. e. pinse

— Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v. kalls.kap. Slettahjell. Konfirmantjubileum. Offer til menighetsarbeidet.

— Moe k. kl. 11. Høgmesse ved res. kap. Aasen. Offer til kristenfolkets edruskapsråd.

Søndag er kyrkjedag!

Likestilling

Likestilling mellom kvinne og mann er ein fin sak på svært så mange områder og strevet mot likestilling heldt fram med uminska kraft. Som petitjournalist i eit lite kyrkjelydsblad kan eg berre yttra meg glad for at gutar får lære å ta eit tak med oppvask, klesvask og barnestell medan jentene får lære seg til å handsame høvel og sag når det trengs. Likevel synes eg likestillingsstrevet kjem noko for langt når det gjeld å avskaffa dei personlege pronomen «han» og «ho». Likestillingsombodet freistar iallefall å erstatta desse småorda med «det» eller «vedkomande». Det er serleg i annonser at menneskja helst skal vera kjønlause. Det siste er at ei osloavis ikkje

SØVASSKJØLEN

FJELLKIRKE

postgiro 3675436 GJØLME.
EI KIRKESAK FOR ALLE
I ORKDAL.

torde ta inn ei annonse frå ein fransk familie som søkte etter ei norsk au pair-pike. Dei ville endra annonsen til au pair-menneske. Det er ikkje lov i ein annonse å la det koma fram at ein ynskjer det eine kjønn framom det andre, må vita. Vel, ein petitjournalist kan no ha så mange små tankar — som ingenting tel i ein stor sammanheng, men er ikkje slike ting som det nemnde med på å kompromitera heile likestillingssaka? Vi får no ikkje gløyma heilt av at GUD SKAPTE DEI MANN OG KVINNE og at det er visse arbeidsoppgåver som vil falla naturlegare for det eine eller det andre kjønn. Føda barn t.d. Det går an å kompromitera ein finfin ide med fir-kanta avgjer.

K. R.

Orkanger menighet

Menighetens samlingsfest

holdes i Orkanger Bedehus søndag 7.9. kl. 19.00. Tale ved Audun Slettahjell. Sang av menighetens egne kref-ter. Alle velkommen.

Onsdagsskolen og barneforeningen

starter onsdag 3.9. kl. 17.00 i prestegården. Alle barn er velkommen.

Orkdal menighet

Ungdomsforeninga «Vårliv»

har jubileumsfest i Stokkhaugen bedehus søndag 14. sept. kl. 14. Emissær Marius Hojemsauve og misjonsprest O. L. Gjønnes vert med oss på festen. Små og store, medlemmer og andre er hjertelig velkommen!

Ungdomsforeninga «Vårliv»

har møte hos Oddbjørg og Einar Stokkan mandag 29. september kl. 20.

Gordon Johnson

Familiehelga med Gordon Johnson er utsett til 24. - 26. april 1981. Nærare program seinare.

Helårs-
trim



A. Todal's
Eftf.

Tlf. 80 278
Orkanger.

Kontortider ved prestekontora Orkdal

Tirsdag kl. 16 - 18
Torsdag kl. 10 - 12
Fredag kl. 10 - 12

Orkanger, kapellet

Tirsdag kl. 17 - 19
Fredag kl. 11 - 13

Svorkmo

Torsdag kl. 10 - 12